

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUGDato: 19.11.2015
Vår ref.: 2015/9477-56
Saksbehandlar: karvik_
Dykkar ref.:

Ekstra tildeling av midlar til Den kulturelle skolesekken for skuleåret 2015 / 2016

Ved kongeleg resolusjon av 21. august 2015 vart ytterlegare kr 12 230 000 av overskotet frå Norsk Tipping AS til kulturføremål fordelt til Den kulturelle skolesekken. Hordaland fylkeskommune vart tildelt kr 1 025 120 av dette for skuleåret 2015-2016. Ein del er øyremerka vidaregåande skule, resten grunnskulen.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling gjorde 11. november følgjande vedtak:

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til fordeling av statleg ekstraløyving på kr 1 025 120,- slik det kjem fram i saka:

Bergen kommune: kr 290 225

Resten av kommunane: kr 146 213

Kunst- og kulturformidling i grunn- og vidaregåande skule: kr 588 682

2. Tildeling til resten av kommunane blir fordelt slik:

Askøy	kr 13 498	Jondal	kr 642	Samnanger	kr 1 694
Austevoll	kr 3 894	Kvam	kr 5 890	Stord	kr 8 916
Austrheim	kr 1 472	Kvinnherad	kr 11 112	Sund	kr 4 555
Bømlo	kr 7 445	Lindås	kr 9 509	Sveio	kr 3 708
Eidfjord	kr 584	Masfjorden	kr 1 560	Tysnes	kr 2 581
Etne	kr 2 493	Meland	kr 4 207	Ullensvang	kr 3 058
Fedje	kr 527	Modalen	kr 487	Ulvik	kr 665
Fitjar	kr 1 985	Odda	kr 3 588	Vaksdal	kr 2 899
Fjell	kr 13 906	Os	kr 8 567	Voss	kr 9 142
Fusa	kr 4 100	Osterøy	kr 6 262	Øygarden	kr 3 470
Granvin	kr 619	Radøy	kr 3 177		

Midlane er fordelt etter nøkkel utarbeidd av Utdanningsdirektoratet.

Meland kommune har fått tildelt **kr 4 207**.

Jamfør tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet, er den ekstra tildelinga mellom anna meint som kompensasjon for auka satsar for honorar/løn for utøvarar. Føringerar for ordinær tildeling gjeld også for denne tildelinga.

Utbetaling

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifta om IT-standard i offentleg forvaltning som regjeringa har vedtatt. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar vert pålagde å sende elektroniske faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015. Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som Leverandør då dette er ei utbetaling.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune. Dette kan gjerast på to måtar:

1. For tilskotsmottakarar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura i og merk fakturaen med saksnummer og ressursnummer.
2. For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar og send EHF-faktura via fakturaportalen Basware Supplier Portal (gratis).

Ved bruk av portal skal saksnummeret brukast som fakturanummer, og ressursnummer skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.

- Link til fakturaportal <https://bsp.basware.com/SupplierPortal/login.aspx>
- Link til brukarretteiing <http://www.hordaland.no/PageFiles/54618/Brukarretteiing%20til%20fakturaportal.pdf>

Saksnummer: 2015/9477-56

Ressursnummer: 400023

Beløp: kr 4 207

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og behandla EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Ta kontakt dersom noko er uklart.

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny Skaar
utviklingssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Bente Bing Kleiva